

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23.

Fylke: Telemark.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Nissedal.

Emne: Bordskikk til hverdags.

Bygdelag: Kyrkjebygda.

Oppskr. av: Sven Grimstvedt.

Gard: Grimstvedt.

(adresse): p.t. Seljord.

G.nr. 12 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Delvis.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Jörgen Grimstvedt, f, 1872, bonde, herads-og bankkasserar.

SVAR

1. Sat ved skiva.
2. Sat ved same bordet. Endå vanleg.
3. Alle et ved same tid. Alle et same maten.
4. Både husbondsfolk og leigefolk et same maten.
5. Familien et ved bord i stova nå.
6. Før var det gjerne stoge utan kjøken, og dei åt då i stoga.
7. Mann og kone hadde faste plassar, borna sat etter som det hövde.
8. Far, f. 1872, kan ikkje hugsa at borni stod.
9. Husbondens plass øvst ved bordet, -kalla högsættet.
10. Øvst ved bordet.
11. Ikkje nögje med å vaske seg för ein sette seg til bords. Men i onnetidene vaska dei seg för og. Mannfolk sat aldri med luver på.
12. Kring 1870 åt dei graut av trog og åt frå kvar sin kant. Dette vart det slutt på på gardane kring 1880-90. Men på stolen heldt skikken seg til 1910. Det vart og nytta sams bolle til mjölk: Slutt på same tid som för grauten. Koppa vart det kalla med hänk, bolle utan hänk. Dei heimelaga var av björk. Var grauten varm, duppa ein alltid i mjölkekoppen, men og ofte med kaldgraut. Nå drikk ein rett av koppen, - men ein nyttar og mjölk på grauten, særleg om sumaren. Det vart kalla graut-takke. Det er mogeleg at det var kaffien som gjorde at det meir slo igjenom med kaffekoppar, segjer Jörgen Grimstvedt (min far), men dei var i bruk för hans tid.
13. Ikkje gryta, men steikepanna sette dei på ei fjöl på bordet. Sidan var denne rista av tråd(jarn). Tilfeldige framande sat ved same bordet og åt. Dei åt frå gamalt av i same troget.
14. Dei la gjerne noko flesk i millom, men hadde ikkje noko særleg namn på det. Men ein tala om ein biti i ymse höve, så som braubiti, romebiti o.l.

15. Beste skikken å ta sukkeret i kaffen, -og så i munnen etterpå. Elles ingen bestemt regel for dette. Ein gjorde som det passa for den ein skilde.
16. Det vart ikkje gjort nokon skilnad i bordskikk på dette område, - men det som rettelles kosa seg med kaffen, drakk ofte av skall når det sat fritt og utvunge. 17. Far hugsar ikkje når gaffelen kom i bruk, men var i alle fall vanleg i 70-åra.
18. Pollekniiven vart nytta til å skjera spekekjøt med, elles ikkje, - utan å i naudstall på fjellet.
19. Nei, skelene lag i ei skeikasse, og ein tok og la skelene etter som det hövde. Skelene var fyrst laga av tre, helst bjørk. Ein laga dem gjerne på garden. Så kom det nokre som vart kalla Birli-skeler. Det for reisande rundt og selde skeler og anna hustrarvende av tre. Summe tider sette ein namn på skelene, men det var som det hövde.
- I 70-åra vaska ein gjerne skelene, men det kunne nok til sine tider gå nok så lett vint for seg. Ein kanskje bare skyldde av det.
20. Steintjalllerkenar var vanleg i bruk i 1870-åri. Men til dagleg vart det og mykje nytta tjallerkar av tre fram til 1890-åri. Det var bare i prestegarden at det vart nytta steintj tidlegare.
- Mest nytta ein ein braudbete til å leggja kjøt og flesk på til middags og elles. Men etter 1910 kom steintj i bruk over alt i bygda.
21. Nei bordduk nytta ein ikkje til kvardags. Men mellom måltidene vart det lenge nytta duk. Fra 1920-åri vart det mykje nytta duk, særleg voksduk. Den duken ligg på bordet stadig. På Grimstvedt voksduk til fint 22. Ein nytta helst mala bord. Sjeldan kvitiskura bord. Nå i tida er det mest jamt duk på bordet. Oftast voksduk, men og stoffdukar.
23. Kvar tok til seg det han ville ha, og det var ikkje noko særleg fast rekkefylligje. Dørgen G. hugsar ikkje at maten vart dela ut.
24. Nei ikkje noko slikt på Grimstvedt.
25. Det kunne vera at mannen i huset fekk noko betre mat når han arbeidde hardt, men elles ikkje nokon skilnad.
26. Det er litt skilnad, men fra 4-års alderen fær det gjerne prova seg for moro skuld. Det er helst det yngre systkini som syns dette er moro.

2